

## Saksprotokoll i fylkestinget - 12.06.2014

**Terje Søviknes** sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget vedtek 1-sonemodellen for Hordaland fra 01.02.2015.
2. Følgjande føresetnader vert lagt til grunn for 1-sonemodellen:
  - a) gyldighet for billett tidsavgrensa til 2 timer.
  - b) påstigingsgebyr for alle som nyttar kontantar.
  - c) rabattstrukturen for enkeltreiser vert gjennomgått.
  - d) at finansieringsgapet ved innføring av 1-sonemodellen er i storleik 43 mill. kr, jf. saksframlegget. Ein legg til grunn at dette vert dekt inn gjennom ein moderat auke i einheitstaksten/minstetaksten.
3. Det vert lagt fram eiga sak med gjennomgang av takstreglementet hausten 2014, og i god tid før budsjettarbeidet.
4. Endringa i sonestruktur skal evaluerast 1. halvår 2016.
5. I samband med evalueringa av sonestruktur for buss i 2016, ønskjer fylkestinget og ei vurdering av sonestruktur for hurtigbåt. Fylkestinget meiner NSB må tilpassa sine takstar lokalt, slik at togstrekninga Arna-Bergen får same pris som buss."

**Tom Skauge** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget vedtek 1-sonemodellen for Hordaland fra 01.02.2015.
2. Følgjande føresetnader vert lagt til grunn for 1-sonemodellen:
  - a) Gyldigkeit for billett tidsavgrensa til 2 timer.
  - b) Påstigingsgebyr for alle som nyttar kontantar som i dag.
  - c) Billettprisen skal ikkje auke.
  - d) Finansieringsgapet ved innføring av 1-sonemodellen vert dekt inn gjennom:
    - auka passasjertal
    - reduserte administrative og investeringskostnader ved forenkla sonestruktur.
    - rushtidsavgift i Bergensregionen og/eller ved framtidige heilskaplege bymiljøavtaler.
3. Endringa i sonestruktur skal evaluerast 1. halvår 2016.
4. Fylkestinget ynskjer at snøggbåt og togtilbodet Arna-Voss skal inkluderast i 1-sonemodellen."

**Nils-Olav Nøss** sette fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget vedtek 1-sonemodellen for Hordaland fra 01.02.2015.
2. Følgjande føresetnader vert lagt til grunn for 1-sonemodellen:
  - a) gyldighet for billett tidsavgrensa til 2 timer.
  - b) påstigingsgebyr for alle som nyttar kontantar.
  - c) rabattstrukturen for enkeltreiser vert gjennomgått.
  - d) at finansieringsgapet ved innføring av 1-sonemodellen er i storleik 43 mill. kr, jf. saksframlegget. Ein legg til grunn at dette vert dekt inn gjennom ein moderat auke i einheitstaksten/minstetaksten.
  - e) Prisen på periodekort skal ikkje endrast utover konsumprisindeksen.

3. Det vert lagt fram eiga sak med gjennomgang av takstreglementet hausten 2014, og i god tid før budsjettarbeidet.
4. Endringa i sonestruktur skal evaluerast 1. halvår 2016.
5. I samband med evalueringa av sonestruktur for buss i 2016, ønskjer fylkestinget og ei vurdering av sonestruktur for hurtigbåt. Fylkestinget meiner taksten på NSB si togstrekning Arna - Bergen må innarbeidast i den nye takstsona."

**Pål Kårbø** sette fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget vedtek modell 2a som ny sonestruktur i Hordaland.
2. Ny sonestruktur vert innført frå 01.02.2015.
3. Fylkestinget ynskjer ein liknande gjennomgang av sonestruktur for båtrutene.
4. Fylkestinget meiner at eins takst i Bergen/Hordaland også må gjelda toget på strekninga Arna-Bergen."

### Røysting

Innstillinga fekk ingen røyster og fall.

Kårbø sit forslag fekk 5 røyster (KrF) og fall.

Skauge sitt forslag fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.

Nøss sitt forslag fekk 18 røyster (A, MDG) og fall.

Søviknes sitt forslag vart vedteke mot 25 røyster (A, SV, MDG, KrF).

### Vedtak

1. Fylkestinget vedtek 1-sonemodellen for Hordaland frå 01.02.2015.
2. Følgjande føresetnader vert lagt til grunn for 1-sonemodellen:
  - a) gyldigheit for billett tidsavgrensa til 2 timer.
  - b) påstigingsgebyr for alle som nyttar kontantar.
  - c) rabattstrukturen for enkeltreiser vert gjennomgått.
  - d) at finansieringsgapet ved innføring av 1-sonemodellen er i storleik 43 mill. kr, jf. saksframleggget. Ein legg til grunn at dette vert dekt inn gjennom ein moderat auke i einheitstaksten/minstetaksten.
3. Det vert lagt fram ei eiga sak med gjennomgang av takstreglementet hausten 2014, og i god tid før budsjettarbeidet.
4. Endringa i sonestruktur skal evaluerast 1. halvår 2016.
5. I samband med evalueringa av sonestruktur for buss i 2016, ønskjer fylkestinget og ei vurdering av sonestruktur for hurtigbåt. Fylkestinget meiner NSB må tilpassa sine takstar lokalt, slik at togstrekninga Arna-Bergen får same pris som buss.